

**LINDÅS KOMMUNE**Framtidsretta - Inkluderande -
Kvalitetsbevisst - Tenestevillig**SØKNAD OM BARNEHAGEPLASS
I LINDÅS
SAMORDNA OPPTAK 2011 / 2012****Søknadsfrist 01.03.11. NB: Dei som står på venteliste må sende ny søknad!**

Barnehageopptaket våren 2011 skal gjennomførast som samordna opptak i samsvar med barnehagelova. Dette inneber at søknader til alle barnehagar i Lindås blir vurderte av ei sentral opptaknemnd som føretekk prioriterte opptak (jfr. fortrinn etter lov og forskrifter), og samordnar opptaket til ledige plassar i kommunale og private barnehagar. Frå 01.01.09 er det lovfesta rett til barnehageplass jfr. Lov om barnehage.

"Barn som fyller eitt år sinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne lova med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett."

Det er utarbeidd elektronisk søknadsskjema til barnehageopptaket. Søknadsskjemaet finn ein på Lindås kommune si heimeside, adresse: www.lindas.kommune.no
Dokumentasjon til søknad skal sendast til: Lindås kommune, Dokumentsenteret, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.
Dersom nokon ikkje har tilgang til internett kan dei ta kontakt med ekspedisjonen på rådhuset og få hjelp.

Frist til å søkje barnehageplass i hovudopptaket er 1.mars 2011. Opptaket vil verte gjort i mars, og skriftleg melding vil verte sendt den enkelte etter at vedtak er fatta.

**UNGDOMMENS
KULTURMØNSTRING**

Driv du med musikk, dans, tegning, forming, husflid, foto, video, teater, revy eller noko anna spennande, meld deg på UKM!



UKM vert arrangert søndag 06. februar kl. 12.00 på Sæbø skule i Austmarka i Radøy kommune.

Ungdom mellom 10-19 år kan delta med sceneopptreden, video og/eller delta på utstillinga.

Påmeldingsfrist er sett til 26. januar. Påmelding skjer på www.ukm.no

Har du spørsmål, kontakt Kulturkontoret v/Eileen på tlf 56 37 51 37 eller epost eileen.feste@lindas.kommune.no



Astronomisk vandring og drama i rommet

RADØY: Stjernehimme- len i vikingtida og dra- maet som utspelar seg i verdsrommet. Det er te- maet som Vestnorsk Utvandringssenter set fokus på framover. "Verdsrommets glad- gut" Knut Jørgen Røed Ødegaard skal mellom anna ta for seg dei store "bang" i rommet.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

- Vi startar onsdag denne veka med ei kulturhistorisk vinkling på stjernehimme- len, seier Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter.

Då kjem Lena Lisdotter Börjesson (Fosen Folkehøgskule) til samfunnshuset Skogen på Sletta for å snakka om korleis vikingane navigerte over Nordatlante- ren ved bruk av til dømes stjernehimme- len.

Börjesson har gjort fleire ek- speriment med korleis vikingane kan tenkjast å ha navigert til sjøs. I kor stor grad var sola og stjer- nehimme- len viktige for dei? Kunne dei finna vegen på andre måtar? Börjesson kjem også inn på korleis arabarane og polyne- sarane navigerte etter stjernene.

Himmelske opplevingar

Dette er starten på ein måned fylt med undervisning og opple- vingar ved Vestnorsk utvan- dringssenter knytta til den fantastiske stjernehimme- len du kan sjå no i januar og februar. Utvandringssenteret har leigd inn eit planetarium frå "Vil vite" som vil vera ope etter avtale for ele- var på 4. - 7. steg i Nordhord- land.

- Frå dei gamle grekarane si tid og heilt sikkert mykje lenger attende, har folk laga forteljingar om stjernebilde dei har funne på himme- len. Vi ønskjer å få fram mangfaldet i desse historiene og legg opp til eit komparativt pers- pektiv på Norge og Nord-Ame- rika i eit eige undervisningsopplegg "Stjerne- klårt på prærien", seier Dyrkorn Heierland.

Øvinga byrjar i det innleigde planetarium frå "Vil vite". Dersom



SPENNANDE: Onsdag kan du vera med på ei kulturhistorisk vinkling på stjernehimme- len. I neste omgang kjem Knut Jørgen Røed Ødegaard og fortel om dei store eksplosjonar og kollisjonar i verdsrommet.

Foto: Morten Bilet.

Røed Ødegaard kjem

det er interesse for det og det blir godt vær, opnar Dyrkorn også for stjernehimme- len i emi- grantlandsbyen på Sletta.

Dramatisk i verdsrommet

Astronomen Knut Jørgen Røed Ødegaard set punktum for tema- opplegget med ein spektakulær temakveld på Sæbø skule 23. fe- bruar. Der knallar han til med føredraget: Bang! Kollisjonar og eksplosjonar i verdsrommet!

Ødegaard fortel om dei mest spektakulære, valdsame, drama- tiske, vakre og viktige fenomena i verdsrommet, mellom anna super- slurpande svarte hol, vald- same smell på sola og den vakre skodda som blir danna når sola døyr.

Meteoritt-prøver

Ødegaard har med meteoritt- prø- ver som publikum kan sjå og ta på.



Planetariumet vil vera ope for alle to timar før føredragsstart på begge temakveldane, - elles etter avtale.